



# Program for Sauda Venstre

2015-2019



# Folk først.

*Venstre sin visjon er eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har fridom og høve til å skapa sine egne gode liv, og der me tar ansvar for miljøet og kvarandre.*

## Lokaldemokrati

Formannskapslovene av 1837 la mykje av grunnlaget for det lokale sjølvstyret, og i åra fram til i dag har det vore i kontinuerlig utvikling for å la lokalbefolkninga få styra sine lokale miljø. Kjerna i demokratiet er at dei som i stor grad blir påverka av lover og reglar, skal få ta del i styringa gjennom val.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ vera positiv til meir samarbeid over kommunegrensene, men vil venta med å ta standpunkt til eventuell kommunesamanslåing til utgreiinga ligg føre
- ✓ ha ein god varslingskultur i kommunen
- ✓ sjå til at Sauda kommune følgjer reglane for openheit i politiske saker
- ✓ opna for folkeavrøysting ved eventuell kommunesamanslåing


## Sunn økonomi

Befolkninga vår blir eldre, oljeinntekter blir redusert og klimautgifter aukar. Venstre vil føra ein sunn økonomisk politikk.

Eit positivt driftsresultat nyttar lite om vedlikehaldsetterslepet aukar. Kommunal eigedom som gror igjen, får redusert verdi og treng dyre skippertak. Derfor hjelper det lite å kutta i teknisk eining for å gå i pluss økonomisk.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ arbeida for betre vedlikehald av den kommunale bygningsmassen
- ✓ arbeida for eit positivt driftsresultat på tre prosent eller meir kvart år



# Klima og miljø.

*Flaumar og ekstremvêr minnar oss om at klimaendringane er reelle – òg i Sauda.*

Sauda Venstre vil arbeida for at kommunen er klar for å takla framtidens klima.

Me vil skapa eit attraktivt og grønt sentrum kor folk trivst, og me vil nytta oss av klimasmart arealplanlegging. Dette er viktig for å kutta lokale utslepp.

Venstre har merka seg den gode miljøprofilen til Eramet og oppmodar næring og private til å følgja etter og ta grønne val i kvar-dagen.

## Klima

Klimaendringar er vår tids største utfordring. Millionar av menneske er allereie klimaflyktningar. Kvart tiande minutt blir ein art utrydda, medan polane krympar i rekordfart. I 88 prosent av havet finn ein mikroplast. Sikten i Sauda er redusert med 30 prosent sidan 1990-talet på grunn av luftureining.

Mykje ureining skjer lokalt og me kan alle bidra ved å ta grønne val. Om alle nordmenn eksempelvis kuttar ut kjøtmiddagen ein dag i veka, svarar det til over 200 000 færre bilar på vegane kvart år i klimarekneskapet. Kommunen bør setta eit godt eksempel i miljøpolitikken.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ dimensjonera nye vegar og avløp for å takla framtidige klimaendringar
- ✓ oppmoda til å bruka grønne tak som eit verkemiddel for klimatilpassing
- ✓ jobba for fleire Miljøfyrtårn i kommunen
- ✓ ikkje tillata drenering av myr eller uttak av torv av klimaomsyn
- ✓ innføra årleg klima- og miljørekneskap for kommunen
- ✓ handsama klimaplanen saman med økonomiplanen



## Grøn energi

For å skapa ein miljøvenleg kommune der folk har rein luft og god livskvalitet, trengst meir grøn energi og effektiv utnytting av krafta.

### Sauda Venstre vil:

- ✓ vera positive til å utnytta meir av fjernvarmen frå smelteverket
- ✓ at kommunen i større grad skal nytta alternative oppvarming-skjelder, òg i nye byggefelt og kommunale nybygg
- ✓ leggja til rette for at fleire private kan nytta alternative energiskjelder
- ✓ at kommunen skal laga ein energispareplan
- ✓ byta ut gatelysa med energisparande lyskjelder

## Avfall, renovasjon og for-søpling

### Sauda Venstre vil:

- ✓ bli medlem i Grønt Punkt og nytta medlemskap som krav i offentlege innkjøp
- ✓ setja mål om å gjenbruka minst 80 prosent av alt material i kommunen
- ✓ ha målsetting om 100 prosent innsamling av farleg avfall og EE-avfall
- ✓ arbeida for at mindre mat blir kasta i kommunen
- ✓ ha årleg ryddeaksjon i Sauda

## Sentrumsutvikling og arealpolitikk

Sauda Venstre har ein visjon om eit bilfritt sentrum med grønne lungar og gågater. God arealplanlegging kan blåsa nytt liv i sentrum.

### Sauda Venstre vil:

- ✓ sjå på moglegheita for gågater og grøntområde som verkemiddel for å redusera biltrafikk i sentrum
- ✓ stilla høgare krav til estetikk og arkitektur for byggeprosjekt i kommunen
- ✓ ikkje leggja opp til nye utbyggingssområde som krev ny kommunal, teknisk infrastruktur
- ✓ vera svært restriktive til nedbygging av dyrka og dyrkbar jord
- ✓ vurdera parkeringsrestriksjonar i sentrum for at folk skal bytta bilen med buss, gange eller sykkel og slik skapa eit trygt, levande og menneskevenleg bybilde
- ✓ ha tilbake farge, blomar og planter på Rådhusplassen
- ✓ planta trer langs sørsida av kyrkjegardsmuren

## Samferdsel

Om folk flest skal ta grønne val i kvardagen, må det vera eit reelt alternativ til bilen. Mange vel sykkel eller gange i dag, men endå fleire vil gjera det om det svarar seg økonomisk, ikkje berre for helsa og miljøet.

Tunnel til Etne vil bidra til å binda regionen vår saman og kan vera eit stort steg på vegen mot befolkningsauke og ny vekst i kommunen.

### Sauda Venstre vil:

- ✓ arbeida for å realisera Etnevegen
- ✓ oppretthalda tilbodet til hurtigbåten med pendlarruta Sauda-Sand
- ✓ byggja fleire sykkelveggar og sykkelskur, samt rusta opp haldeplassar
- ✓ oppmoda arbeidsgjevarar til å premiera folk som går eller sykklar til jobb
- ✓ skifta ut kommunale bensin- og dieselbilar med hybrid- og elbilar
- ✓ leggja til rette for meir gange og sykling
- ✓ vurdera høvet for å bytta ut delar av bilparken med sykklar og el-sykklar i Sauda kommune
- ✓ forlanga at Kolumbus har oppdaterte rutetabellar på alle haldeplassar
- ✓ etablara ein samanhengande fjordpromenade frå sentrum i Saudasjøen til sentrum i Sauda



## Dyrevelferd

Det viser seg stadig at omsynet til dyrs velferd blir sett til side i mange næringar. Kommunen bør setja ein etisk standard for hand-saming av dyr.

### Sauda Venstre vil:

- ✓ vektlegga omsynet til dyrevelferd høgt

## Naturvern

Fridomen til å bevega seg i stille og urørt natur har ingen pris i kroner og øre. Inngrep i Saudas resterande urørte natur bør såleis ha svært gode grunnar.

### Sauda Venstre vil:

- ✓ verna om urørt natur i kommunen
- ✓ leggja sterkare restriksjonar på bygging av skogsveggar
- ✓ vektlegga stille natur ved å vera restriktiv til motorferdsel i fjell og utmark
- ✓ verna om biologisk mangfald og ikkje gi tilskot til planting av øydeleggjande treslag
- ✓ sikra at hytteutbygging tar omsyn til miljø, kulturhistorie og tradisjonelt friluftsliv

# Kunnskap.

*Kunnskap er sentralt i all samfunnsutvikling. For at skulane i Sauda skal kunne ha høg kvalitet, kan ein ikkje halda fram med å kutta dei økonomiske rammene til beinet.*

*Det viktigaste verktøyet for å sikra ein god skule er: Å rekruttera nye lærarar, og å halda på dei dyktige og engasjerte lærarane som ser kvar enkelt elev.*

## Barnehage

### Sauda Venstre vil:


- ✓ arbeida for full barnehagedekning
- ✓ vurdera gratis kjernetid til låginntektsfamiliar
- ✓ oppretthalda den høge prosenten faglærte tilsette i barnehagane

## Skule

### Sauda Venstre vil:

- ✓ oppretta minst tre nye stillingar i skuleverket
- ✓ laga ein langsiktig plan for korleis skulekretsane i Sauda skal vera, for å sikra ein best mogleg skulestruktur for framtida
- ✓ arbeida mot mobbing i skulen
- ✓ betra koordineringa mellom barnevernet, skulehelsetenesta, og skule/PPT rundt den enkelte elev for å raskare fanga opp elevar med utfordringar
- ✓ auka stillingsstorleiken for helsesøster i saudaskulen og innføra obligatorisk samtale med helsesøster





- ✓ styrka kompetansen blant lærarar på psykisk helse og tidleg intervensjon
- ✓ søka om forsøk med 2. framandspråk på mellomtrinnet
- ✓ arbeida for meir fysisk aktivitet i skulen
- ✓ styrka den kulturelle skulesekken

## Integrering i skulen

### Sauda Venstre vil:

- ✓ arbeida for at fleire elevar med innvandrarbakgrunn får tilbod om morsmålsopplæring, to-språkleg støtte og leksehjelp
- ✓ oppretta innføringsklassar for framandspråklege elevar på veg inn i ordinær skulegong

$$1 + 1 = 2$$

# Næring.

Sauda Venstre vil leggja til rette for eit nyskapande næringsliv som skapar nye verdiar og grøn vekst. Ein offensiv næringspolitikk kan gi befolkningsauke og eit meir levande lokalsamfunn.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ støtta arbeid for næringshage i Sauda
- ✓ jobba interkommunalt for ei trainee-ordning, slik at nyutdanna kjem tilbake til Sauda
- ✓ arbeida for fleire stadsuavhengige arbeidsplassar til Sauda
- ✓ jobba for å gi gründerar betre tilgang på risikovillig kapital
- ✓ arbeida for fleire læreplassar, spesielt ved offentlege anbod
- ✓ styrka samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv
- ✓ gå imot søndagsopne butikkar
- ✓ sjå etter område som kan vera egna for å ta på seg større interkommunale oppgåver og dermed sikra fleire arbeidsplasser i bygda

# Kultur.

*Kunst og kultur har ein verdi i seg sjølv.*


Kulturen må få operera fritt og uhilda. Ein liberal kulturpolitikk prøver ikkje å styra kulturen, men støttar opp om private og frivillige initiativ og lar alle som vil, få delta i eit mangfaldig kulturliv.

## Eit levande kulturliv

Eit levande kulturliv gir folk i alle aldrar betre livskvalitet og stimulerer til nysgjerrigheit, kreativitet og mangfald. Støtta til kultur og idrett må både sikra dei gode talenta og den store breidda.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ jobba for at Folkets Hus blir realisert som kulturhus
- ✓ framheva Sauda sin unike arkitektur
- ✓ setja den unike kulturarven i Sauda i ein større europeisk samanheng gjennom organisasjonen ERIH
- ✓ ha utarbeidd ein kulturminneplan



- ✓ bevare Åbøbyen som det flotte kulturmiljøet det er
- ✓ styrka bevisstheita rundt lokale kulturminne hjå innbyggjarane, gjennom blant anna å styrka samarbeidet mellom skule, historielag, fagpersonar og kulturetaten
- ✓ at kommunen i samråd med foreiningar og historielag lagar lett tilgjengeleg informasjon til innbyggjarane om kommunen sine kulturminne
- ✓ at Sauda kommune skal vera med å bidra med støtte til frivillige lag og foreiningar
- ✓ at idrettslag for barn og unge ikkje skal betala leige for kommunale idrettsanlegg
- ✓ arbeida for at aktivitetsstøtta til idrettslaga skal oppretthaldest på dagens nivå
- ✓ arbeida for etablering av livs-synsnytralt seremonirom
- ✓ arbeida for å rusta opp tennis-banen

## Språk

Sauda har, med omfattande nynorsk kulturarv, eit ansvar for å støtta opp om språket når riks-media har resignert. For å sikra at elevar er trygge på språket sitt gjennom skuleløpet, må kommunen vera konsekvent i språkbruken.

Nynorskelevar har vist seg å oppnå betre språkforståing og gjer det såleis betre enn bokmåselevar i andre fag generelt og språkfag spesielt. Den høge nynorskandelen i Sauda bidrar til eit høgt nivå på utdanninga og må styrkast for å utdanna endå fleire språkleg sterke elevar.

## Sauda Venstre vil:

- ✓ innføra nynorsk som administrasjonsspråk i kommunen
- ✓ at eventuell kommunesamanslåing skal resultera i ein sterk nynorskkommune
- ✓ at språkopplæringa for innvandrarar skal vera på nynorsk

# Helse og omsorg.

*Venstre arbeider for eit helsevesen der pasienten blir sett i sentrum.*

Alle skal vera trygge på at dei får eit godt helsetilbod, uavhengig av bustad og betalingsevne. For å ha råd til eit godt offentleg helsevesen òg i framtida, må det satsast meir på førebygging

## **Sauda Venstre vil:**

- ✓ styrka det førebyggjande arbeidet mot vald i familien og arbeida for eit interkommunalt krafttak mot vald i nære relasjonar
- ✓ gi alle tilsette i Sauda kommune tilbod om å arbeida til dei er 72 år
- ✓ etablera støttekontaktordning for eldre
- ✓ prioritera arbeidet med kvaragsrehabilitering og frisklivstilbod
- ✓ styrka samarbeidet med det frivillige
- ✓ styrka dei små fagmiljøa gjennom samarbeid med andre kommunar
- ✓ redusera bruk av ufrivillig deltid i kommunen for tilsette i helsevesenet






# Sosialt ansvar.

Verda har ikkje sidan andre verdskrig hatt fleire menneske på flukt. Sauda Venstre meiner dagens situasjon krev at alle kommunar tar eit ekstra ansvar, og vil gi ei utstrakt hand til folk i naud.

For å skapa eit inkluderande samfunn er det viktig med møteplassar kor saudabuar med ulike nasjonalitetar kan treffast. Ikkje minst bør kommunen, lokalt næringsliv og Introduksjonsprogrammet ha tettare kontakt for å få fleire innvandrarar ut i arbeid. Det bør utformast ein plan for integrering i alle deler av Sauda-samfunnet.

## **Sauda Venstre vil:**

- ✓ ta imot fleire flyktningar til dømes frå Syria
  - ✓ støtta arrangement som til dømes internasjonal veke
  - ✓ ha meir arbeidstrening i Introduksjonsprogrammet
  - ✓ seia klart nei til tiggeforbod
  - ✓ arbeida for at verknaden av Fair Trade-ordninga blir evaluert
- 

# Kandidatane våre



## 1. Kirsten H. Fosstveit (f.1987)

*Er fødd og oppvaksen i Sauda. Arbeidar som arkitekt og arealplanleggjar.*



## 2. Eirik T. Lygre (f. 1995)

*Er oppvaksen i Sauda. For tida student. Har verv som ungdomskandidat og valkampsjef i Rogaland Venstre*

## 3. Knut Saua

## 4. Anders Skaarer

## 5. Wenche Johnsen

## 6. Nils Hoftun

## 7. Eirik Helledal Fosstveit

## 8. Kjetil Fløgstad

## 9. Aslaug Astad



Vil du veta meir om politikken vår og om kandidatane våre? Gå inn på nettsidene:

[www.sauda.venstre.no](http://www.sauda.venstre.no)



Du finn oss òg på facebook:  
[facebook.com/SaudaVenstre](https://facebook.com/SaudaVenstre)



**VENSTRE**